



”Øving gjer meister”

**Strategi- og utviklingsplan for skuleverket i Bømlo
2009-2012**

BØMLO KOMMUNE

5430 Bremnes

Tel: 53 42 30 00

postmottak@bomlo.kommune.no

Vedtatt i kommunestyret Sak 63/09 dato 15.06.2009

Innhald

1	UTVIKLINGSMÅL, PRINSIPP OG STRATEGIAR	4
1.1	Utviklingsmål	4
1.1.1	Konsekvensar av utviklingsmåla	5
1.2	Prinsipp for opplæringa	6
1.2.1	Tilpassa opplæring	6
1.2.2	Tidleg innsats	7
1.2.3	Spesialundervisning	7
1.2.4	Eit heilskapleg opplæringsløp	8
1.2.5	Likeverdig opplæring for minoritetsspråklege elevar	9
1.3	Strategiar for kompetanseutvikling og rekruttering	9
1.3.1	Kompetanseutvikling	9
1.3.2	Seniorpolitikk og rekruttering	10
1.4	System for skulevurdering og skuleutvikling	10
1.5	Økonomiske prinsipp	11
1.5.1	Forutsigbare rammer og god utnytting av ressursar	11
2	PRIORITERTE UTVIKLINGSOMRÅDE 2009-2012	13
2.1	Grunnleggjande dugleikar	14
2.1.1	Å kunna uttrykkja seg munnleg og skriftleg og å kunna lesa	14
2.1.1	Å kunna rekna	15
2.1.2	Å kunna bruka digitale verktøy	16
2.2	Elevvurdering	17
2.3	Andre prioriterte område	19
2.2.1	Den kulturelle skulesekken	19
2.2.2	Sosialpedagogisk rådgjeving og utdannings- og yrkesrådgjeving	20
2.2.3	Utdanningsval	20
2.2.4	Internasjonalisering	20
2.2.5	Elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø	21
3	TILTAK	22
3.1	Tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialundervisning	22
3.2	Tiltak for likeverdig opplæring av minoritetsspråklege elevar	22
3.3	Kompetanseutvikling og rekruttering	23
3.4	Skulevurdering, skuleutvikling og økonomiske prinsipp	23
3.5	Grunnleggjande dugleikar	23
3.6	Elevvurdering	24
3.7	Andre prioriterte område	24

Innleiing og føremål med planen

Skuleverket i Bømlo er ein trygg og god opplæringsarena for barn, unge og vaksne. Bømlo kommune har over tid satsa på skulevurdering og skuleutvikling. Dette arbeidet har ført til kvalitetsmedvitne leiarar og tilsette som har sett elevane i fokus. Samstundes vert me stadig stilte ovanfor nye forventningar og krav. Innføringa av Kunnskapsløftet har ført med seg eit auka fokus på læringsutbytte og dokumentasjon av resultat. Internasjonale undersøkingar som dokumenterer at norske elevar gjer det dårlegare enn forventa på fleire fag- og kompetanseområde, skapar debatt.

Ein brei og open debatt om den norske skulen er avgjerande for å sikra legitimitet og kvalitet. Samstundes er det slik at debatten om skule kanskje er den mest krevjande av alle debattar – nettopp fordi me alle har erfaringar frå eigen skulegong. Denne planen er eit forsøk på å klargjera omgrep og mål, peika på viktige føresetnadar for god kvalitet i opplæringa, gjera prioriteringar og løfta fram eit syn på skuleutvikling som baserer seg på forskingsbasert kunnskap.

Eit godt samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for elevane si faglege og sosiale utvikling. Opplæringslova og læreplanverket uttrykkjer at dei føresette skal få informasjon om måla for opplæringa og korleis denne er lagt opp. Dei skal delta i drøftingar om opplæringa og utviklinga av skulen, og dei skal ha reell medverknad på skuletilbodet til borna sine. Kvar einskild skule skal leggja vekt på gode rutinar og kvalitet på samarbeidet med heimen.

Når strategi- og utviklingsplanen no erstattar den tidlegare skulebruksplanen, er dette med eit ønskje om at nytt format og innhald både skal ivareta behovet for ein heilskapleg strategisk tenking om utviklinga av skuleverket i Bømlo kommune, samstundes som planen i større grad skal eigna seg til distribusjon for å sikra informasjon og openheit.

Planen vert vedteke politisk og skal danna grunnlaget for skulane sine egne planar. Planen er i tråd med krav og forskrifter frå sentrale styresmakter og legg grunnlaget for statlege tilskot til kompetanseutvikling. Planen tek utgangspunkt i læreplanverket med forskrifter, statlege føringar og kommunale prioriteringar.

Denne planen omfattar heile skuleverket, og inkluderer både grunnskule og vaksenopplæring. Strategi- og utviklingsplanen består av tre delar:

Del I: Utviklingsmål, prinsipp og strategiar

Den første delen omhandlar utviklingsmål for skuleverket i Bømlo kommune, prinsipp for opplæringa, strategiar for kompetanseutvikling og seniorpolitikk/rekruttering, og kommunen sitt system for skulevurdering og skuleutvikling.

Del II: Prioriterte utviklingsområde 2009-2012

Del to handlar om prioriterte område i planperioden; grunnleggjande dugleikar og elevvurdering for læring.

Del III: Tiltak

Del tre omtalar konkrete tiltak knytt til utviklingsmål og satsingsområde.

Takk til skule- og kulturetaten i Karmøy kommune for gode idear til utvikling av planen.

1 UTVIKLINGSMÅL, PRINSIPP OG STRATEGIAR

Innleiing

Bømlo kommune skipa 05.03.07 til eit skulepolitisk seminar om moglege målsetjingar for skulane i Bømlo. Deltakarar på dette seminaret var kommuneleiinga, skuleleiarane, skule- og kommunetillitsvalde frå Utdanningsforbundet og kommunestyrerepresentantar. Med utgangspunkt i drøftingane denne dagen vart det utarbeidd forslag til utviklingsmål for skulane i Bømlo kommune. Etter høyringar og drøftingar vedtok kommunestyret utviklingsmåla 18.06.07. Utviklingsmåla legg grunnlaget for lokale arbeidstidsavtalar og utviklingsplanar på den einskilde skule. Måla er formulerte slik at dei gjev skulane gode muligheiter til å utvikla lokale utviklingsmål tilpassa den einskilde skule sine styrker og behov.

Denne delen omtalar utviklingsmåla og ei konkretisering av desse. Vidare vert prinsipp for opplæringa, samt strategiar for kompetanseutvikling og rekruttering forklart. System for skulevurdering og skuleutvikling vert omtala til slutt.

1.1 Utviklingsmål

Målsetjing for området: ”Tydelege vaksne”

Læraren sin kompetanse i samspelet med elevane er det viktigaste i opplæringa som kan fremja elevane si læring. Bømlo kommune har lærarar og øvrig personale i skulen som er trygge og tydelege vaksne i møte med elevane. Lærarane kan etablere ro og orden i undervisningssituasjonen og legg vekt på læring. Variert undervisning og god og tett dialog med både elev og heim er avgjerande.

”Oppfostringa skal gje elevane lyst på livet, mot til å gå laus på det og ønskje om å bruka og utvikla vidare det dei lærer”.

Målsetjing for området: ”Høg kompetanse blant undervisningspersonale”

Undervisningspersonalet på skulane i Bømlo har god fagleg og pedagogisk kompetanse. I Bømloskulen er lærarane dyktige klasseleiarar som inkluderer alle elevane og gjev dei meistringsopplevingar. Dyktige lærarar nyttar forskingsbasert kunnskap og er heile tida opptekne av å betra eigen praksis. Dette er ei krevjande oppgåve, og det må leggjast til rette for tid til førebuing/etterarbeid og gode tilbod om etter- og vidareutdanning i tett samarbeid med m.a. Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) og kompetansesenter for faglege og pedagogiske spørsmål knytt til vaksne si læring (VOX).

For at tilsette i skulane skal gjera ein best mogleg jobb, er ein avhengig av at det vert sett av tid til samarbeid mellom ulike personalgrupper. Kompetanse frå andre høgskuleutdanna yrkesgrupper som t.d. vernepleiarar, sjukepleiarar, sosionomar og barnevernspedagogar, vil kunna vera viktige supplement for å gjera opplæringa best mogleg for elevane. For vaksenopplæringa er kompetansen til VOX og samarbeid med Nav og lokale bedrifter viktig for at opplæringa for vaksne skal verta best mogleg.

Målsetjing for området: ”Godt omdøme”

Skulane i Bømlo gjev god og tidsmessig opplæring. Skulane legg vekt på både fagleg læring og meistring og trivsel. Elevane får utfordringar som er tilpassa deira evner og behov. Samarbeidet heim-skule er prega av at forventningar er avklara, og skulane har gode og heilskaplege system for

”Elevane må utvikla gleda ved det vakre både i møte med kunstnarlege uttrykk og ved å utforska og utfalda eigne skapande krefter”.

elevvurdering. På vaksenopplæringa er samarbeidet sterkare knytt til kvar einskild deltakar i vurderingsarbeidet.

Målsetjing for området: ”Vektleggja elevane sine kulturelle opplevingar”

Bømlo kommune har eit mangfaldig og rikt kulturliv, så vel som ein spennande kulturhistorie. Den kulturelle skulesekken sikrar alle elevar eit variert og godt kulturtilbod som del av grunnskuleopplæringa. Samarbeidet mellom Bømlo kulturskule, grunnskulane og vaksenopplæringa legg grunnlaget for både lokale produksjonar og kulturopplevingar. Skulane nyttar seg av ressursar i frivillige lag/organisasjonar og minoritetsmiljø på ein god måte.

”Opplæringa skal møta born, unge og vaksne på deira eigne premissar og samstundes føra dei inn i grenselandet der dei kan læra nytt ved å opna sinn og prøva evner”.

Skulane sine egne utviklingsmål

Skulane i Bømlo har ulike styrker og får høve til å dyrka og vidareutvikla desse innanfor rammene i denne planen. Me trur at skulane sine ulike innfallsvinklar til felles utfordringar er med på å gjera Bømlaskulen enno betre.

1.1.1 Konsekvensar av utviklingsmåla

Elevane føl reglane på skulen, gjer sitt beste og bidreg til at ein i fellesskap skapar gode skulemiljø.

Læraren står fram som ein tydeleg leiar med gode evne både til å undervisa og rettleia:

- Undervisninga er forankra i klåre læringsmål og er tilpassa elevane sine føresetnadar for å læra
- I undervisninga blir det nytta eit mangfald av metodar, og det vert veksla mellom individuelt arbeid, pararbeid, arbeid i grupper og læring i fellesskap
- Læraren møter elevane med klåre forventingar og gjev dei gode tilbake- og framovermeldingar gjennom strukturerte elevsamtalar

Foreldre/føresette vert involvert, i lag med elevane, og vert gitt medinnflyting og ansvar i tilhøve som gjeld elevane si opplæring, trivsel og utvikling på skulen.

Skuleleiarane får tid og ressursar til å prioritera pedagogisk leing:

- Arbeidsmiljøa for både elevar og tilsette er gode og er gjenstand for jamlege drøftingar

Skuleeigar held fram med å støtta skulane sitt utviklingsarbeid.

Den gode læraren

- Læraren er ein tydeleg leiar med gode evne både til å undervisa og rettleia
- Læraren markerer ein tydeleg start, skifte av aktivitet og avslutning på undervisningsøkta – både med kroppsspråk og stemmeleie
- Læraren er fagleg trygg og presenterer stoffet på ein variert og engasjerande måte
- Læraren maktar å skapa ro i klassen og konsentrasjon om læringsarbeidet
- Læraren informerer og instruerer på ein måte som i liten grad gjer det nødvendig for elevane å stilla oppklarande spørsmål

- Læraren maktar å løysa konflikhtar og har grep for å korrigera uønska åtferd. Han korrigerer ved lågast mogleg inngrepsnivå utan å endra måten det vert undervist på
- Læraren inviterer til samarbeid og medverknad, men tek avgjerd der det trengs
- Læraren ser og hjelper den einskilde elev og har samstundes blick for det som skjer i elevgruppa
- Læraren er medviten på å bruka humor i undervisninga og maktar å skapa glede og trivsel i elevgruppa

1.2 Prinsipp for opplæringa

Læreplanverket for Kunnskapsløftet framhevar nokre grunnleggjande prinsipp som skal prega opplæringa. Læringsplakaten sine 11 punkt legg vekt på tilpassing til den einskilde elev samstundes som elevane skal vera i samspel og oppleve fellesskap med andre elevar. Motivasjon, lærelyst, nysgjerrigheit og variasjon er sentrale stikkord. Sosial og kulturell kompetanse, læringsstrategiar og elevmedverknad er andre grunnleggjande prinsipp. Samarbeid med heimen og lokalsamfunnet vert vektlagt. Skal skuleverket lukkast med at desse prinsippa skal prega opplæringa, må ein også vidare leggja vekt på det psykososiale arbeid. Det har gjennom år vore arbeidd systematisk med anti-mobbeprogrammet Zero i Bømloskulen. Dette arbeidet skal framleis ha fokus og vidareutviklast.

Læringsplakaten

1. gje alle elevar like sjansar til å utvikla evnene og talenta sine
2. stimulera lærelysta, uthaldet og spørjelysta hos elevane
3. stimulera elevane til å utvikla eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking
4. stimulera elevane i deira personlege utvikling, i å utvikle sosial kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking
5. leggja til rette for at elevane kan gjera medvitne val av utdanning og framtidig arbeid
6. bidra til at lærarar og instruktørar står fram som tydelege leiarar og som førebilete for born og unge
7. stimulera, bruka og vidareutvikla kompetansen hos lærarane
8. fremja differensiert opplæring og varierte arbeidsmåtar
9. sikra at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring
10. leggja til rette for samarbeid med heimen og sikra medansvar i skulen for foreldra / dei føresette
11. leggja til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringa på ein meningsfylt måte

1.2.1 Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring er ein plikt for skuleeigar, opplæringsstaden si leiing og personale til å gje ei god og forsvarleg opplæring ut frå den einskilde sine evner og føresetnadar. Tilpassa opplæring inneber mellom anna val av metodar, lærestoff og organisering for å sikra at den einskilde utviklar grunnleggjande dugleikar og når kompetansemåla. Dette krev at opplærings situasjonen vert tilrettelagt på individ- og gruppenivå.

Tilpassa opplæring inneber ikkje at all opplæring vert individualisert, men at alle sider av læringsmiljøet tek omsyn til variasjonar hos dei som får opplæringa.

”Ved inkludering har du fokus på fellesskapet med kunnskap om konsekvensene for den enkelte. Ved tilpasset opplæring har du fokus på den enkelte med kunnskap om konsekvensane for fellesskapet”.

Når vaksne ikkje har fått tilpassa opplæring som barn og ikkje meistarar utfordringar i dagens arbeids- og samfunnsliv, har skuleeigar og opplæringsstad plikt til å gje ei tilpassa opplæring i grunnleggjande dugleikar. Opplæringa og undervisningsmateriellet er gratis. Vaksenopplæringa er pålagt å ha individuelle planar for kvar einskild deltakar.

”Veilederens oppgave er å skape en trygg og kreativ veiledningsrelasjon og stille undersøkende og åpne spørsmål som fører til dialog. Denne relasjonen krever faglig trygghet, det vil si teoretisk og praktisk kunnskap som gjør det mulig å stille de riktige spørsmålene”.

Temahefte 8, UDI, s. 4

1.2.2 Tidleg innsats

Stortingsmelding nr. 31 ”Kvalitet i skolen” (2007-2008) og Stortingsmelding nr. 16 (2006-2007) framhever tidleg innsats, og meiner at tiltak skal setjast i verk så snart problemet vert avdekka. Det gjeld i alle opplæringsfasar, frå førskulealder til vaksne, der målet er at utdanningssystemet må bidra til sosial utjamning.

Tidleg innsats inneber at elevar og born som har problem med opplæringa, får hjelp så snart problemet vert avdekka. For å kunne setja inn tiltak tidleg, må det leggjast vekt på å kartleggja barn og unge som ikkje har tilfredsstillande læringsutvikling på alle nivå i grunnopplæringa. Gjennom *Modellkommuneforsøket* vil ein sjå på tiltak og samarbeid mellom dei ulike instansane for å kunna betra oppfølginga av barn i risikosona i aldersgruppa 0-6 år.

Frå sak vedteke i KST 14.05.2007 viser ein til ein auke frå 8 til 25 born i barnehagane som har vedtak etter Opplæringslova §5-7 frå 2005-2007. Men det at fleire born byrjar tidlegare og har lengre opphaldstid i barnehagen, vil gjera at det i dag er langt fleire born som får stimulering og tiltak gjennom det daglege pedagogiske tilbodet i barnehagen, og som dermed gjer dei betre rusta til å starta i grunnskulen. Eit lite mindretal av desse, ca 3-4 %, vil likevel ha behov for noko ekstrahjelp og støtte i form av spesialpedagogisk hjelp eller andre tiltak. Auken i tala over er eit resultat av at kommunen har hatt eit særleg fokus på tidleg innsats siste åra og at borna dermed er betre rusta til skulestart, slik Opplæringslova seier.

Satsinga på tidleg innsats, både i høve kompetanse og bruk av ressursar, ser ut til å gje god effekt og må halda fram. Sjølv om nokre av elevane framleis vil ha behov for spesialpedagogiske tiltak, vil omfanget av dette bli redusert på sikt. Det er likevel slik at mange av dei elevane som i dag har rett til spesialundervisning etter opplæringslova, framleis vil krevje bruk av ressursar ut skuleløpet. Den reelle effekten av tidleg innsats og andre tiltak/satsingar i denne planen vil ein derfor først kunna sjå mot slutten av planperioden.

1.2.3 Spesialundervisning

Skulen skal gje tilpassa opplæring, slik at kvar einskild elev vert stimulert til høgast mogleg grad av måloppnåing. Det er eit mål å førebyggja og redusera behovet for spesialundervisning ved at elevar med særskilde behov får ei best mogleg tilpassa opplæring. Dersom ein elev openbart ikkje har utbyte av, eller er i stand til å arbeida med mål i ein eller fleire læreplanar for fag, vil han/ho ha rett til spesialundervisning etter §5-1 i opplæringslova.

Utval for oppvekst, kultur og idrett har vedteke retningslinjer for korleis skule og foreldre kan fremja behov for spesialundervisning (prosedyreplan for spesialpedagogisk sakshandsaming, 25.11.08). PPT er kommunen sin sakkunnige instans som skal sørgja for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering om rett til spesialundervisning. Skulen skal laga individuell opplæringsplan for elevar som har rett til spesialundervisning. Kvart halvår skal skulen skriva rapport med bakgrunn i IOP og evaluering av måloppnåing i høve til kompetansemåla.

Behovet for spesialpedagogisk hjelp / spesialundervisning har auka i omfang i Bømlo kommune dei siste åra. Den same utviklinga finn me elles i landet. Årsakene til dette er samansette og mange.

Thomas Nordahl og Anne-Karin Sunnevåg konkluderer i sin studie av spesialundervisning i grunnskulen (Nordahl og Sunnevåg 2008) at ”spesialundervisningen settes i gang relativt sent i grunnskolen og dette gjelder særlig for jenter. Intensjonen om tidlig innsats realiseres ikke gjennom spesialundervisningen, og den praktiske spesialpedagogikken har svært få forebyggende trekk ved seg. Det er heller slik at vi kan si at spesialundervisningen kjennetegnes ved sen innsats og at den først iverksettes når den enkelte elev har et klart definert problem”.

Dette gjev grunnlag for å sjå på innhald og form i spesialpedagogikken. Det er eit mål at ein i perioden skal stimulera barnehagar og skular til å setja i gong utviklingsprosjekt med alternativ organisering av det spesialpedagogiske arbeidet. På denne måten vil ein kunna gjera verdifulle erfaringar som andre barnehagar og skular kan nyttiggjera seg av. Bømlo PPT har dei seinare åra vore underbemanna og slite med å rekruttering, noko som har fått konsekvensar for deira arbeid og sakshandsamingstid for elevar, lærarar og føresette. Ein bør i tida framover vurdera drifta av vårt lokale PPT-kontor, slik at me kan ivareta borna sine rettar og kommunen si plikt til å ha eit sakkunnig organ på ein best mogleg måte.

Godt spesialpedagogisk arbeid heng tett saman med gode system for tidleg intervensjon og eit kontinuerleg fokus på å auka læringsutbyttet til elevane. I dette ligg kritisk vurdering av ressursbruk og organiseringsformer/arbeidsmåtar, samt systematisk bygging av kompetanse.

Opplæringslova § 4A-2 seier noko om retten vaksne har til spesialundervisning på grunnskulen sitt område: Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunna utvikla eller halda ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.

Tiltak vert skildra under del III: Tiltaksområde.

1.2.4 Eit heilskapleg opplæringsløp

Dei nasjonale styringsdokumenta Barnehageløftet, Kunnskapsløftet, St.meld.16 og St.meld. 31 peikar alle i retning av ei sterkare binding mellom barnehage og skule. I styringsdokumenta for skulen vert også overgangane mellom barnetrinn, ungdomstrinn og vidaregåande opplæring vektlagt.

Rammeplanen for barnehagar legg tydelege føringar for at det skal leggjast til rette for gode overgangar til skulen. I Bømlo kommune har me sidan skuleåret 2007/2008 hatt ein overgangsplan for barnehage-skule. Denne vart revidert hausten 2008. Eit ledd i denne satsinga er nye rutinar for overgangsarbeidet mellom barnehage og skule. Det er tidlegare blitt utarbeidd egne overgangsrutinar for barn med særskilde behov, og desse er no inkludert og revidert i den nye overgangsplanen.

Det har vore fleire samarbeidsprosjekt i kommunen som handlar om å skapa samanheng i læringsløpet og gode overgangar mellom barneskule og ungdomsskule. Samarbeid mellom barneskulane og ungdomsskulen har gjeve positive erfaringar som ein kan byggja vidare på. I samband med gjennomføringa av Utdanningsval, samarbeider ungdomsskulane med vidaregåande skular. Det skal i planperioden utarbeidast ein plan for overgangen grunnskule – vidaregåande skule.

St. meld nr. 16 legg vekt på eit kunnskapsløft også for vaksne. Vaksne har rett til grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 4A-1. Mange vaksne har likevel behov for å styrkja

sine grunnleggjande dugleikar utan at dei dermed tek full opplæring i dei einskilde grunnskulefaga. Grunnleggjande dugleikar slik desse er definerte i Kunnskapsløftet, gjev den einskilde grunnlag for vidare opplæring og for å fungera betre i jobb og kvardag. Det er eit mål for Bømlo kommune å styrkja kvaliteten i denne opplæringa.

”Opplæringa i norsk og samfunnskunnskap skal gjere det mogleg for innvandraren å verta likestilt, integrert og delta i det norske samfunnet. For at det skal kunna skje, må opplæringa opna for at innvandraren får nytte den kompetansen han eller ho har med seg frå opphavslandet”.

Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar, s. 2.

Tiltak vert skildra under del III: Tiltaksområde

1.2.5 Likeverdig opplæring for minoritetsspråklege elevar

I Bømlo har me eit aukande kulturelt, språkleg og religiøst mangfald. Dette gjev oss mange spennande muligheiter og utfordringar i skulen. Vår utfordring er å skape ein fleirkulturell skule der me ivaretek skilnadane i fellesskapet og sikrar at alle elevar får ein god tilpassa undervisning. Det er opplæringslova som ligg til grunn for organiseringa av slik opplæring.

Ein fleirkulturell skole vert kjenneteikna ved eit personale som ser på det kulturelle og språklege mangfaldet blant elevar, foreldre og lærarakar som normaltilstand og byggjer på dette i sin skuleutvikling. For skulane i Bømlo er det eit mål at det kulturelle og språklege mangfaldet blant elevane skal vere ein ressurs i skulen. Internasjonale undersøkingar viser at minoritetsspråklege elevar i gjennomsnitt oppnår svakare skuleresultat enn majoritetsspråklege og at det er vanskelegare å vere minoritetsspråkleg i det norske skulesystemet enn i land me samanliknar oss med (Øzerk 2003). Det er derfor viktig at me gjev dette området spesiell merksemd framover.

Tiltak vert skildra under del III: Tiltaksområde.

1.3 Strategiar for kompetanseutvikling og rekruttering

1.3.1 Kompetanseutvikling

Som ei oppfølging av stortingsmelding nr. 31. ”Kvalitet i skolen”, lanserte Kunnskapsdepartementet, i lag med Kommunanes Sentralforbund (KS) og arbeidstakarorganisasjonane, hausten 2008 ”Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærere”.

I strategien er kommunane sitt ansvar definert slik:

- Forankra systemet for vidareutdanning i eigen organisasjon
- Sikra samanhengen mellom den statlege satsinga og egne satsingsområde
- Kartleggja behov for kompetanseutvikling i det pedagogiske personalet og på den einskilde skule i samarbeid med partane
- I samarbeid med organisasjonane laga ein heilskapleg og rullerande plan for etter- og vidareutdanning for pedagogisk personale og skuleleiarane, der statleg finansierte tiltak inngår som ein integrert del, og forankra planen politisk
- Delta i satsinga på vidareutdanning gjennom å dekkja ein del av vikarutgiftene og utgifter til reise, opphald, læremidlar, m.m. og leggja til rette for deltaking
- Samarbeida med organisasjonane, tilbydarane og eventuelt andre kommunar om kvalitet, relevans, tilrettelegging og tilpassing av tilboda om vidareutdanning
- Foreta naudsynte evalueringar av gjennomføringa av lokale planar i samarbeid med partane

Med utgangspunkt i dei nasjonale føringane vil Bømlo kommune byggja vidare på desse lokale strategiane:

- Behalda og vidareutvikla det regionale samarbeidet gjennom Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS), og gjennom dette samarbeidet ta initiativ til ulike kompetanseutviklingstiltak for skuleleiarar, lærarar, o.a. (Opna for nye måtar å jobba mot kompetanseutvikling og andre kompetansemiljø...)
- Leggja fram årlege reviderte planar for kompetanseutvikling til politisk behandling
- Sikra at skulane får eit økonomisk handlingsrom i høve kompetanseutvikling og utviklingsarbeid på den einkilde skule
- Drøfta strategiar og tiltak i samband med kompetanseutvikling i felles kommunale møte med skuleleiarane
- Gjennomføra jamlege kompetansekartleggingar i lag med organisasjonane

Tiltak vert skildra under del III:

1.3.2 Seniorpolitikk og rekruttering

Bømlo kommune har mange dyktige seniorar i skuleverket. I løpet av planperioden vil 30-40 lærarar passera 62 år og kunna gå av med AFP. Dette gjev oss ei todelt utfordring: På den eine sida må me finna tiltak som stimulerer seniorane til å stå lenger i jobb, og på den andre sida må me utvikla Bømloskulen som ein attraktiv arbeidsplass for å kunna rekruttera nye medarbeidarar. Seniortiltak for lærarar er regulert i sentral avtale (SFS 2213), der eldre lærarar har rett til redusert undervisningsplikt. Lærarar føl såleis ikkje senioravtalen som er inngått med andre kommunalt tilsette. Bømlo kommune vil likevel arbeida for å sjå seniortiltak i ein heilskap og på den måten utvikla ein meir livsfasetilpassa arbeidsgjevarpolitikk.

For å kunne rekruttera nye, dyktige medarbeidarar må me:

- Ha gode rutinar for å avdekkja behov for nyttilsetjingar og lysa ut eventuelle stillingar tidleg kvar vår
- Jobba aktivt i alle delar av organisasjonen med å byggje opp om Bømlo kommune sitt omdømme
- Marknadsføra Bømloskulen i regionale fora og løfta fram gode døme på kvalitet
- Vera ein pådrivar i vidareutviklinga av Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS)
- Utvikla samarbeidet med Høgskulen Stord-Haugesund i høve FOU-prosjekt, praksis for studentar og etter- og vidareutdanningar
- Handsama sak om fordeling av rammetimetalet så tidleg som råd er, helst i april månad

1.4 System for skulevurdering og skuleutvikling

Det politiske miljø og innbyggjarane elles skal til ei kvar tid få rett og god informasjon om innhaldet i skulen, med konsekvensar og forslag til tiltak. Med bakgrunn i dei etablerte rutineane for arbeid med skulevurdering og skuleutvikling skal det lagast ein årleg tilstandsrapport til kommunestyret, der ein set fokus på kvalitet og innhald i Bømloskulen. Bømlo kommune vil i perioden utvida og forbetra det eksisterande systemet for skulevurdering og skuleutvikling. Denne tilstandsrapporten skal innehalda m.a. følgjande punkt, og rapporterast skulevis:


- Utviklingsmåla til den einkilde skule og skuleverket generelt, refleksjon om måloppnåing og utfordringar

- Refleksjon omkring resultatet av ulike testar, prøvar og eksamenar (kommunale og nasjonale)
- Det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet for elevane (Elevundersøkinga)
- Det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet for personalet

Tilstandsrapporten skal byggja på dokument og innspel frå skulane og vera handsama i Samarbeidsutvalet før politisk handsaming. Tilstandsrapporten skal vera ein del av den pedagogiske årsmeldinga og leggjast fram for politisk handsaming tidleg haust. Tilstandsrapporten skal vera grunnlag for politiske vurderingar og prioriteringar for neste skuleårs utviklingsplan.

Opplæringslova § 13-10

Kommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.



1.5 Økonomiske prinsipp

1.5.1 Forutsigbare rammer og god utnytting av ressursar

Skulane i kommunen skal i perioden drivast i tråd med resultatområdemodellen. Ein skal i perioden vurdere om det er oppgåver som i dag ver løyst på skulenivå, som hadde vore løyst betre på kommunenivået.

Ein skal i perioden søkja å løysa fleire oppgåver interkommunalt gjennom FOS-samarbeidet. Dette for å utnytta ressursane optimalt og for å effektivisera drifta.

FOS sin visjon:

Oppgaver som me kan løysa betre i fellesskap enn kvar for oss, skal me løysa i fellesskap.

Bømlo kommune vil ha fokus på forholdet mellom friressurs og ressursar til spesialpedagogisk innsats i perioden. Det er eit mål at friressursen skal vera på 18-20 % av minstetimetale. Det er vidare eit mål at skulane skal ha fokus på tilpassa opplæring og førebyggja/redusera behovet for spesialundervisning. Dette skal skje i tett samarbeid med PP-tenesta, skulehelsetenesta, barnevernet, barnehagane og skulane.

Bømlo kommune ynskjer ansvarleggjorte leiarar som tek det pedagogiske og økonomiske ansvaret på alvor. Forutsigbare rammer, tilstrekkeleg lærartettleik, kompetente lærarar og fleksibel utnytting av ressursar i løpet av skuleåret legg grunnlaget for å kunna gje alle elevar tilpassa opplæring. Tidleg innsats er eit viktig prinsipp i Stortingsmelding nr. 31. I planperioden skal ein ha ein gjennomgang og vurdering av fordelings- og tildelingsmodellen av rammetimetale. Dette for å analysa om vektinga i tildelingsmodellen mellom ungdomstrinn og barnetrinn er optimal. Bømlo kommune skal ha kontinuerleg fokus på om den strukturelle organiseringa er den beste for kvalitetsoptimal skuledrift. I kvar planperiode skal den eksisterande strukturen drøftast og eventuelle endringar leggjast fram som eigne saker etter drøftingar med dei aktuelle samarbeidsutvala. Det er eit prinsipp at slike drøftingar skjer utanom budsjettprosessen.

Opplæringslova § 13-10

Kommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stilla til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Opplæringslova § 1-3

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærekandidaten.

2 PRIORITERTE UTVIKLINGSOMRÅDE 2009-2012

Innleiing

Hovudmålet med utviklingsarbeid i skulen er betre læring i fag. Elevane skal utvikla gode strategiar for læring, og dei skal læra grunnleggjande dugleikar. Dei to utviklingsområda som vert prioritert i komande periode, er grunnleggjande dugleikar og elevvurdering.

Internasjonale kartleggingar som PISA, TIMSS og PIRLS, samt nasjonale prøvar, viser at elevane ikkje gjer det spesielt godt i fleire sentrale fag. Vidareutvikling og bruk av dei grunnleggjande dugleikane i alle fag er viktig for å heve læringsresultata. Resultata frå undersøkingar i basiskompetanse hjå vaksne ALL (Adult Literacy and Life Skill Survey) viser at sjølv om Noreg har gode resultat samanlikna med andre land, har mange vaksne så svak lese- og talforståing at dei kan ha vanskar med å fungera aktivt i samfunns- og arbeidsliv.

Elevvurdering er eit prioritert område i samband med statleg støtte til kvalitetsutvikling i skulen. Gjennom den kommunale satsinga ”Betre vurderingspraksis i Bømlaskulen” er skulane godt i gong med utviklingsarbeid for å betra kvaliteten på elevvurderinga og tilbakemeldingar til elevar. Dette viktige arbeidet for å fremja den faglege læringa må halda fram.

For å lukkast med utviklingsarbeid i skulen treng me målretta skuleleiarar og dyktige lærarar. Rektor er sentral for retning og systematikk i satsinga. Lærarane har ansvaret for den daglege praksis med elevane, og assistentane er ei viktig støtte i dette arbeidet. Lærarane må ha gode relasjonar til elevane, vera fagleg dyktige og vera kompetente klasseromsleiarar. Dette er viktige føresetnadar for god læring.

Strategi

Ein strategi fortel både kor ein vil og korleis ein kjem dit.

Læringsstrategi

Ein læringsstrategi er den framgangsmåten eit individ nyttar når det medvite går inn for å løysa eller læra ei oppgåve. Stortingsmelding 30 definerer læringsstrategiar som evne til å organisera og regulera eiga læring, kunna nytta tid effektivt, kunna løysa problem, planleggja, gjennomføra, evaluera, reflektera og erverva ny kunnskap og viten, og tilpassa og nytta dette i nye situasjonar i utdanning, arbeid og fritid (Kultur for læring, St.meld. nr. 30).

Lesestrategi

For å kunne lesa effektivt må du først vita kvifor du les og kva målsetjinga med lesinga er. Deretter vel du lesemane og kombinasjon av lesemane som gjer at du når måla dine på ein effektiv måte (Stangeland/Forth).

Skrivestrategi

Skrivestrategiar må veljast ut frå formålet med skrivinga. Det kan t.d. handla om å skriva for å argumentera, skildra eller samanlikna. Det kan handla om å referera frå ulike kjelder eller å om å strukturera ein tekst. Eksempel på ein strategi kan vere å integrere illustrasjonar, tabellar, overskrifter, osv.

Reknestrategi

Gode strategiar i matematikk handlar ofte om å finna løysinga på eit problem. Det handlar om å nytta konkretar, teikna, dela opp eit problem i mindre delar, gissa og sjå om det stemmer. Det kan handla om å nytta algoritmar som vil seie eit bestemt sett av reglar eller ein bestemt framgangsmåte for å få utført dei operasjonane som skal til for å løysa eit problem. Det kan også vera å ta i bruk ulike skjema og tankekart.

2.1 Grunnleggjande dugleikar

Utviklinga av dei grunnleggjande dugleikane hos elevane skal prioriterast i alle fag og skal integrerast i kompetansemåla - på kvart fag sine premissar og på relevante nivå.

Alle lærarar har difor ansvar for at elevane utviklar dei grunnleggjande dugleikane gjennom arbeidet med dei ulike faga. Dette betyr mellom anna at arbeidet med systematisk lese- og skriveopplæring startar alt på første trinnet i grunnskulen.

Desse dugleikane er grunnleggjande for læring generelt, og er viktige for førebuing til yrkeslivet og som grunnlag for samhandling med andre menneske.

Ikkje alle vaksne på Bømlo har desse grunnleggjande dugleikane. Bømlo vaksenopplæring nyttar Vox sitt utarbeidde rammeverk for grunnleggjande dugleikar for vaksne som inneheld nivåbeskrivingar og kompetansemål for vaksne si lesing og skriving, kvardagsmatematikk, digital kompetanse og munnleg kommunikasjon.

Suksessfaktorar:

- Tydelege og kompetente leiarar
- Felles verdiar, visjon og strategiar
- Engasjement og motivasjon
- Samheng mellom teori og praksis
- Å læra å læra
- Tidleg innsats
- God kartleggings- og analysekompetanse
- Høg grad av foreldreinvolvering

Dei grunnleggjande dugleikane:

- Å kunna uttrykkje seg munnleg
- Å kunna uttrykkje seg skriftleg
- Å kunna lesa
- Å kunna rekna
- Å kunna bruka digitale verktøy

2.1.1 Å kunna uttrykkja seg munnleg og skriftleg og å kunna lesa

Resultata frå dei internasjonale undersøkingane PISA og PIRLS, samt nasjonale prøvar, viser at mange norske elevar bør utvikle betre lese- og skriveugleikar. I Bømlo kommune har me gjennom fleire år sett positive resultat av ei bevisst satsing på den første leseopplæringa. Samstundes viser resultat frå både kommunale/nasjonale kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar at me har ei utfordring i høve det å vidareutvikla leseugleikane til elevane på mellom- og ungdomstrinnet. Lærarane må vera gode og medvitne formidlarar for å kunna vekke og vidareutvikla elevane si interesse for lesing og skriving. Ulike lesestrategiar kan vera ei hjelp både til å utvikla det munnlege og det skriftlege språket. For at elevane skal læra ulike strategiar for lesing og skriving, må lærarane ha kunnskap om lese- og skriveutvikling.

Den fyrste lese- og skriveopplæringa skal framleis ha høg prioritet, og skulane skal jobba systematisk med språkutvikling og lese- og skriveopplæring. Det skal utarbeidast ein kommunal leseplan.

”Lesedugleik er evna til å forstå, nytta og reflektera over skrivne tekstar, for å nå sine mål, å utvikla sin kunnskap og potensial og delta i samfunnet.” (OECD 1999)

MÅL:

”Nivået på lese- og skrive-dugleikane ligg over landssnittet.”

Lærarkompetanse og praksis:

- Lærarane har gode kunnskapar om lese- og skrivestrategiar og om språk- og leseutvikling
- Lærarane er språkmedvitne rollemodellar
- Lærarane er gode om medvitne formidlarar og samtalepartnarar

Tiltak:

- Heva lærarane sin kompetanse gjennom kurs, nettverk og erfaringsdeling
- Utarbeida og implementera den kommunale leseplanen
- Samarbeida med heimane om lesestimulering
- Skapa samanheng i språkarbeidet mellom barnehage og skule
- Satsa på den første lese- og skriveopplæringa
- Satsa på den andre leseopplæringa for å vidareutvikle lese-dugleikane
- Øva inn lese-, skrive- og læringsstrategiar i alle fag

Suksessfaktorar:

- Systematikk i arbeidet
- Opparbeida lese- og skriveglede
- Oppretthalda fokuset på munnleg språk, lesing og skriving på alle trinn i ulike fag
- God samanheng i språkarbeidet mellom barnehage og skule
- Eit godt heim-skule samarbeid
- Lærarane meistrar og bruker ulike lese-, skrive- og læringsstrategiar

Vaksenopplæring:

Følgjande måltal skal gjelda for *norskprøvene* ved vaksenopplæringa:

Norskopplæringa	Munnleg	Skriftleg
Bestå norskprøve 2	95 %	60 %
Bestå norskprøve 3	95 %	60 %

* Disse tala samsvarar med regjeringa sine måltal

Følgjande måltal skal gjelde for *introduksjonsprogrammet for flyktningar*:

Introduksjonsprogrammet

Tal personar som etter avslutta program skal gå over i fast arbeid eller vidare utdanning: 65 % *

* samsvarar med regjeringa sine måltal

2.1.1 Å kunna rekna

Resultata frå PISA og TIMSS viser at elevane bør forbetra matematikkdugleikane. PISA-undersøkinga legg vekt på praktiske oppgåver frå dagleglivet. Dette er oppgåver som elevane ikkje har nok erfaring med. Både kommunale/nasjonale kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar i rekning og eksamensresultat i matematikk viser at elevar i Bømlo kommune ligg på eller under snittet. Elevane treng både kunnskap og dugleikar i matematikk og evne til å bruka desse i varierte samanhengar. Å kunna rekna og ha talforståing er nyttig for å løysa ulike typar oppgåver og utfordringar. Læraren må bli utfordra til å trekkja inn matematiske problemstillingar i alle fag.

Me erfarer at det er mange elevar som ikkje meistrar dei fire rekneartane når dei tek til på ungdomsskulen. Det vert derfor svært vanskeleg å nå kompetansemåla i faga for desse elevane. Grunnleggjande talforståing er viktig for å vidareutvikla reknedugleikane. Ein må difor prioritera å jobba lenge nok med kvart tema. Elevane må få løysa ulike typar oppgåve på varierte måtar, og dei må læra ulike strategiar for rekning og oppgåveløysing. Arbeid med konkretar og praktisk utprøving skal ikkje gjerast for aktiviteten si skuld, men for å byggja opp under forståinga av rekneoperasjonen og omgrepsforståinga. Oppgåvene må vera knytt til konkrete læringsmål. Elevane skal utvikla forståing, omgrep og gode strategiar på sitt nivå. Lærarane si kompetanse og interesse for faget er viktig for å skapa motivasjon og for å gje god rettleiing til elevane.

Kunnskapsløftet

”Å kunna rekna” i matematikk utgjer ei grunnstamme i matematikkfaget. Det handlar om problemløysing og utforsking som tek utgangspunkt i praktiske, daglegdagse situasjonar og matematiske problem. For å greia det må ein kjenna godt til og meistra rekneoperasjonane, ha evne til å bruka varierte strategiar, gjere overslag og vurdere kor rimelege svara er. (Grunnleggjande dugleikar i faget).

MÅL:

”Nivået på reknedugleikane ligg over landssnittet”.

Lærarkompetanse og praksis:

- Lærarane har god matematisk forståing og kunnskap om rekne- og læringsstrategiar
- Lærarane brukar presise matematiske omgrep i samtalar med elevar

Tiltak:

- Heva lærarane sin kompetanse gjennom kurs, nettverk og erfaringsdeling
- Bruka presist språk og matematiske omgrep i ulike fag
- Jobba lenge og grundig med kvart tema for å sikra ei grunnleggjande forståing
- Byggja opp samlingar med læremiddel, konkretiseringsmateriell og idebank for gode problemløysingsoppgåver

Suksessfaktorar:

- Lærarane skapar interesse rundt matematiske problemstillingar
- Medvitne føresette legg til rette for matematikk i kvardagen
- Konkretiseringsmateriell er lett tilgjengeleg
- Elevane får praktiske og relevante utfordringar
- Lærarane lærer av kvarandre og bidreg til ein større delingskultur

2.1.2 Å kunna bruka digitale verktøy**Definisjon**

Digital kompetanse er dugleikar, kunnskapar, kreativitet og holdningar som alle treng for å kunna bruka digitale media for læring og meistring i kunnskapssamfunnet (ITU 2005).

Den digitale kompetansen i skulen må styrkjast både blant lærarar og elevar. Sjølv om IKT og utvikling av digitale dugleikar har vore ei satsing i våre skular i fleire år, ser me at dette er eit område me ikkje er gode nok på. Noko som gjer dette feltet særlig utfordrande, er at den raske

teknologiske utviklinga fører til at digitale verktøy og media stadig vert endra. Definisjonen på digital kompetanse vil også vera i endring, men me tek her utgangspunkt i definisjonen på digital kompetanse frå Forsknings- og kompetansenettverk for IT i utdanning (ITU 2005).

Ei konkretisering av definisjonen frå ITU vil seie at me treng:

- Dugleikar i bruk av digitale verktøy og programvare
- Kunnskapar om korleis me kan utnytta verktøya for fagleg utvikling og kreativ utfolding
- Haldningar og retningslinjer som hjelper oss å vera kritiske og opparbeida sunn nettbruk

Bruk av digitale verktøy og media gjev mange spennande muligheiter i læringsarbeidet. Å kunna bruka digitale verktøy vil seia å kunna bruka, henta fram, lagra, skapa, presentera, vurdere og utveksla informasjon. Dei digitale verktøya skal brukast som reiskap i arbeidet for å nå læringsmåla.

MÅL:

” Elevane meistrar IKT på ein kreativ, effektiv og målretta måte i opplæringa”.

Lærarkompetanse og praksis:

- Lærarane har naudsynt kompetanse for å gje god opplæring og rettleiing i IKT
- Lærarane nyttar digitale verktøy der det er naturleg

Tiltak

- Auka lærarane sin kompetanse gjennom praktisk bruk, erfaringsdeling, rettleiing frå kollegaer, og kurs ved behov
- Følgja kommunal progresjonsplan for utvikling av elevane sine digitale dugleikar
- Bruka it's learning aktivt som læringsplattform
- Auka PC-tettleiken for elevane
- Leggja til rette utstyr og programvare for elevar med særskilde behov
- Sørgja for nok maskinvare og anna tilrettelegging for undervisning og gjennomføring av prøvar og eksamen
- Utarbeida rutinar for tryggleik
- IKT-handlingsplan for grunnskulane i Bømlo skal rullerast i 2010, og ha eit større fokus på pedagogisk bruk av digitale verktøy.

Suksessfaktorar

- Elevane brukar sin digitale kompetanse i skularbeidet
- Utstyr og tekniske løysingar fungerer tilfredsstillande
- Lærarar og elevar er kjende med dei muligheiter digitale verktøy byr på
- Skulane satsar på kompetanseheving av lærarar
- Lærarar lærer av kvarande
- Lærarar har berbar PC og er personlege brukarar av IKT

2.2 Elevvurdering

Utdanningsdirektoratet har sett i gong forsøk med utprøving av vurderingskjenneteikn, men har ikkje teke stilling til om det skal innførast nasjonale kjenneteikn på måloppnåing. Vurderingskjenneteikn vil vere ei hjelp for å vurdere grad av måloppnåing. Skuleåret 2008/2009 har kommunen sett i gong utviklingsprosjektet ”Betre vurderingspraksis i Bømløskulen”. Arbeidet har vore forankra i skuleleiarkollegiet og i ei arbeidsgruppe med lærarar frå kvar skule. Arbeidet har

hatt som mål å skape felles forståing for vurderingsforskrifta og å utvikla ein meir heilskapleg vurderingskultur.

Skal elevane vera i stand til å vurdera eige arbeid, må dei vere medvitne på korleis dei kan læra og kva valmuligheiter dei har. Å øva inn gode læringsstrategiar vil vera nyttig.

Lærarane har behov for både kunnskap og trening i å gje læringsfremjande tilbakemeldingar og rettleiing til elevane. Systematiske og faglege elevsamtaler er eit godt reiskap for å gje ein god tilpassa opplæring til den einskilde elev.

Det vil også vera behov for kontinuerlege tilbakemeldingar på elevane sitt arbeid. Forsking viser at hurtig og kontinuerleg tilbakemelding er viktig for å auka læringsutbyttet.

Heimen skal ha informasjon om måla for opplæringa, eleven sin faglege utvikling og korleis heimen kan bidra til å fremja elevane si læring. Vidare skal heimen ha informasjon om opplæringa, arbeidsmåtar og vurderingsformer.

Kompetansemål

Læreplanane i Kunnskapsløftet inneheld kompetansemål som omtalar det elevane skal kunna etter 4., 7. og 10. trinn. I mange fag er det kompetansemål også etter 2. trinn. Kompetansemåla viser kva som er sentrale kunnskapar og dugleikar i dei ulike faga. Mange elevar har ikkje føresetnadar til å nå kompetansemåla, men kan ha nytte av å jobba mot måla. Eleven får vurdering i grad av måloppnåing.

Læringsmål

Eit læringsmål er eit mål ein elev skal kunna nå etter eit avgrensa undervisningsopplegg. Eit læringsmål skal vera presist, relevant, kommuniserbart (forståeleg) og evaluerbart.

Vurdering utan karakter i fag

På barnetrinnet, til og med 7. årstrinnet, skal skulen berre nytta vurdering utan karakter. Både på barne- og ungdomstrinnet skal ein gje vurdering utan karakter i form av ei beskrivande vurdering av korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i faga i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, med sikte på at eleven på beste måte skal kunna nå desse måla. Det skal kunna dokumenterast at vurdering er gitt. Elevane skal kunna delta i vurderinga av sitt eige arbeid (forskrift til opplæringslova §3-4).

Dialog om anna utvikling

Læraren skal jamleg ha dialog med eleven om utviklinga i lys av §1-2 i opplæringslova, generell del og prinsipp for opplæringa i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (forskrift til opplæringslova §3-4a).

Undervegsvurdering og sluttvurdering

Elevane skal ha undervegsvurdering og sluttvurdering. Undervegsvurderinga skal ein gi løpande i opplæringa som rettleiing til eleven. Ho skal hjelpa til å fremja læring, utvikla kompetansen til eleven og gi grunnlag for tilpassa opplæring. Undervegsvurdering kan ein gi både med og utan karakter. Sluttvurderinga skal gi informasjon om nivået til eleven ved avslutninga av grunnskoleopplæringa (forskrift til opplæringslova §3-3).

Kontakten med heimen

Skulen skal halda god kontakt med foreldra eller dei føresette. Kontaktlæraren skal minst to gonger i året ha ein planlagd og strukturert samtale med foreldra eller dei føresette om korleis eleven arbeider til dagleg og gjera greie for korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i faga. I tillegg skal kontaktlæraren samtala med foreldra eller dei føresette om utviklinga til eleven i lys av § 1-2 i opplæringslova, generell del og prinsipp for opplæringa i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Samtalen skal munna ut i ei oppsummering, mellom anna med sikte på å bli einige om kva det særskilt skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet. Når eleven har fylt 12 år, har han eller ho rett til å vera med i samtalen (forskrift til opplæringslova §3-2).

MÅL:

”Elevane deltek aktivt og aukar sitt læringsutbytte gjennom god og systematisk undervegsvurdering”.

Lærarkompetanse og praksis:

- Lærarane har tilstrekkeleg kunnskap om elevvurdering
- Lærarane har god kompetanse i å gje skildrande vurderingar og læringsfremjande tilbake- og framovermeldingar

Lærarane må hjelpa elevane å setja gode læringsmål og sørgja for at elevar og føresette til ei kvar tid veit kva mål dei jobbar mot. Skal elevane delta i vurdering av eiga læring, må læraren leggja til rette for deltaking ut frå eleven sitt nivå. Lærarane treng kunnskap om og trening i å gje læringsfremjande tilbake- og framovermeldingar til elevar og føresette.

Tiltak :

- Auka lærarane sine kompetanse gjennom kurs, nettverk, utprøving og erfaringsdeling
- Tydeleggjera læringsmål i elevane sine planar og gjennom samtalar med elevar og føresette
- Øva inn gode læringsstrategiar for elevane
- Innarbeida gode rutinar for samarbeid med heimen om elevane si læring
- Innarbeida forpliktande rutinar for vurdering

Suksessfaktorar:

- Kompetansemåla er omsett til læringsmål i eit språk som elevane forstår
- Elevane kan nytta ulike læringsstrategiar
- Godt skule-heim samarbeid
- Gode og forpliktande organisatoriske løysingar for gjennomføring av elev- og foreldresamtalar

2.3 Andre prioriterte område

I tillegg til arbeidet med dei grunnleggjande dugleikane og eit heilskapleg system for elevvurdering, er det naturleg å omtala nokre andre område som er sentrale i høve det å stimulera til god fagleg læring.

2.2.1 Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken i Bømlo kommune skal byggja opp om og løfta fram eksisterande og tradisjonsrike kulturytingar på måtar som gjev elevane skapartrøng, inspirasjon og glede. Samstundes vil ein gjennom tiltak innanfor skulesekken stimulera til nyskaping som gjer rom for kjennskap til og kunnskap om nye kunstformer og kulturuttrykk.

Mål for Den kulturelle skulesekken i Bømlo kommune:

- Alle elevar skal i løpet av grunnskuletida ta del i arbeid og opplevingar innanfor eitt breitt spekter av kunst- og kulturtilbod
- Tilboda i Den kulturelle skulesekken skal vera tilpassa elevane sitt alderssteg og spenna frå leikprega aktivitetar på barnesteget til fagleg fordjuping på ungdomsteget og i vaksenopplæringa
- Barn, unge og vaksne skal få god kjennskap til historie, tradisjonar, kunst og kultur i sitt eige nærmiljø, i Bømlo kommune og i Sunnhordland
- Barn, unge og vaksne skal få opplevingar og kunnskap knytt til mange ulike kunstuttrykk. Nye kunstuttrykk og arbeidsformer må vektleggjast.

- *Elevane skal ha høve til eigenaktivitet så vel som opplevingar.*
- *Barn, unge og vaksne skal ta del i ulike kunst- og kulturprosjekt, gjerne samarbeidsprosjekt mellom grunnskulane og Bømlo kulturskule.*
- *Arbeid og opplevingane innanfor Den kulturelle skulesekken skal vera prega av god kvalitet, både kunstnarisk og organisasjonsmessig.*

2.2.2 Sosialpedagogisk rådgjeving og utdannings- og yrkesrådgjeving

Frå 01.01.2009 er det gjort endringar i forskrift til opplæringslova vedr. elevar sin rett til rådgjeving. Bakgrunnen for endringane var eit behov for å presisera og tydeleggjera kravet i opplæringslova, samt å styrkja rådgjevinga i skulen. Den einskilde elev har rett til to ulike former for rådgjeving: Sosialpedagogisk rådgjeving og utdannings- og yrkesrådgjeving. Det vil vera naudsynt med ei vidare satsing på kompetanseutvikling innanfor dette feltet.

Dei vaksne har ein eigen rett til rådgjeving. §4A-8 i opplæringslova seier at ”*Vaksne med rett til opplæring etter §§4A-1 og 4A-2 har rett til rådgjeving for å kartleggja kva tilbod den vaksne har behov for*”.

2.2.3 Utdanningsval

Faget Utdanningsval er obligatorisk frå skuleåret 2008/2009. Utdanningsval skal bidra til å skapa heilskap og samanheng i grunnopplæringa og knytta grunnskule og vidaregåande opplæring betre saman. Det er utarbeidd ein lokal læreplan for faget i FOS-regionen. Kommunen vil bidra til eit tett og godt samarbeid med dei vidaregåande skulane i kommunen og inngå forpliktande avtalar med desse. I denne samanheng er det også naturleg å utarbeida planar for overgangen grunnskule – vidaregåande skule.

Bømlo kommune har i fleire år samarbeidd med lokalt arbeidsliv, særleg knytt til hospitering og utplassering i samband med yrkesorientering. Faget Utdanningsval stiller både skular og bedrifter ovanfor nye krav, og Bømlo kommune vil arbeida for å vidareutvikla dette samarbeidet. Senter for yrkesrettlegging i Hordaland og Forum for oppvekst i Sunnhordland er viktige samarbeidspartar i dette arbeidet.

Vaksenopplæringa har erfaring frå og er avhengig av eit godt samarbeid med næringslivet, både som tenestytar gjennom programmet ”Basiskompetanse i Arbeidslivet” og som brukar av lokale arbeidsplassar gjennom introduksjonsprogrammet sitt praksisplasstilbod.

2.2.4 Internasjonalisering

Stortingsmelding nr. 14 ”Internasjonalisering i skolen” (2008-2009) varslar eit større fokus på kvalitet og relevans i det internasjonale arbeidet. Internasjonalisering skal angå *alle* elevar og er også forankra i både formålsparagrafen og læreplanverket.

Det internasjonale perspektivet skal komma til uttrykk i opplæringa gjennom at skulane både involverer lokale ressursar som t.d. innvandrarakar, utanlandske studentar og arbeidstakarar og deltek i samarbeidsprosjekt og reiseaktivitetar i regi av EU, som t.d. ”eTwinning”, ”Comenius” og ”Grundtvig”.

Internasjonalisering er utveksling av ideer, kunnskap, varer og tenester mellom nasjoner over etablerte landegrensar og har følgelig enkeltlandet som ståsted og perspektiv. Innenfor utdanning vil internasjonalisering vere prosessen med

*å integrere en internasjonal, interkulturell og global dimensjon i mål, organisasjon og handling.
Stortingsmelding nr. 14 Internasjonalisering i skolen (2008-2009).*

2.2.5 Elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø

Bømloskulen arbeider med anti-mobbeprogrammet Zero. Arbeidet med å ha fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet for barn og vaksne i skuleverket må halda fram. I februar 2009 vart nytt **”Manifest mot mobbing 2009-2010”** underteikna, i tråd med Opplæringslova 9a. Fylgjande partar har utarbeidd dette: Regjeringa, Foreldreutvalget i Grunnskolen, Utdanningsforbundet, KS, Fagforbundet og Skolenes Landsforbund. Det fyrste manifestet vart signert i 2002. Arbeidet vart vidareført med nye manifest både i 2005 og 2006. I lærarutdanninga blir det oppretta eit obligatorisk fag som skal heite "pedagogikk og elevkunnskap". Her skal komande lærarar læra å motarbeida mobbing i skulen.

Rapportar viser at innsatsen gjev resultat, og der ein satsar systematisk på å arbeida mot mobbing, blir det betre. Likevel har ein ikkje oppnådd målet om at ingen skal oppleve mobbing, og at alle skal føla seg trygge på skulen og skulevegen. Det er difor viktig at det gode grunnlaget som er lagt gjennom Zero-programmet blir vidareutvikla.

” Det er de voksnes ansvar å sørge for gode og inkluderende oppvekstmiljø. Partene forplikter seg sammen med regjeringen til å videreføre og styrke arbeidet mot mobbing,” seier statsministeren og kunnskapsministeren under signeringa av manifestet i februar 2009.

3 TILTAK

Tiltaksområda nedanfor føl den naturlege progresjonen i planen. Fristane refererer til kva tid i planperioden tiltaka skal vera gjennomførte. Alle handlings- og prosedyreplanar skal handsamast politisk.

3.1 Tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialundervisning

Tiltak	Frist
Gje årlege tilbakemeldingar til politisk nivå om tiltak og status innanfor det spesialpedagogiske feltet.	Oktober - årleg
Vidareutvikla ressursteam som arena for å skapa fagleg tryggleik, samhandling mellom tenesteområde og oppfølging av born i risikosona.	Kontinuerleg jmf. mandat
Utarbeida planar for overgongane småskulesteg - mellomsteg, mellomsteg - ungdomssteg, grunnskule - vidaregåande skule	Haut 2009
Revidera kommunalt system for kartleggingsprøvar	Haut 2009
Utarbeiding av handlingsplan for born som ikkje kan nyttiggjera seg eit ordinært skuletilbod (åtferdsproblem, funksjonshemma, multi- handikappa)	Haut 2010
Setja i gong pilotprosjekt på ein-to barnehagar /skular for å prøva ut alternativ organisering av spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp (auka spesialpedagogisk kompetanse, meir fleksibel utnytting av ressursar)	Vår 2010
Setja i gong prosess med å vurdere framtidig drift av PPT-kontoret, for å sikra at me ivaretek barn sine rettar og kommunen si plikt til å ha eit sakkunnig organ	Haut 2009

3.2 Tiltak for likeverdig opplæring av minoritetsspråklege elevar

Tiltak	Frist
Utarbeide handlingsplan for likeverdig opplæring av minoritetsspråklege elevar	Vår 2009
Revidere system for tildeling av ressursar for opplæring av minoritetsspråklege elevar	Vår 2009

3.3 Kompetanseutvikling og rekruttering

Tiltak	Frist
Leggja til rette for og stimulera til gode etter- og vidareutdanningstilbod i samsvar med ”Kompetanse for Kvalitet”, og kartleggja behov og utarbeida ein heilskapleg, rullerande plan for etter- og vidareutdanning som også tek omsyn til lokale behov	Kontinuerleg (februar – årleg)
Vera ein premissleverandør i vidareutviklinga av Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) og styrkja det regionale tilbodet innanfor kompetanse- og skuleutvikling	Kontinuerleg

3.4 Skulevurdering, skuleutvikling og økonomiske prinsipp

Tiltak	Frist
Pedagogisk årsmelding /tilstandsrapport for skuleverket med rapportering til politisk nivå	Juni - årleg
(Skulane sine egne utviklingsmål)	Juni - årleg
Gjennom årlege samlingar med skuleleiarane og tillitsvalde setja fokus på god ressursutnytting/organisering av opplæringa i skuleverket	Haust - årleg
Revidering av tildelingsmodell for rammetimetalet	Vår 2010
Etablering av system for rettleiing av lærarar, klasseromsleiing, ”ekstern” vurdering (tydelege vaksne)	Haust 2010
Vidareutvikla kompetanse på kommunenivå som sikrar oppfølging og kvalitetsutvikling innanfor barnehage, grunnskule og vaksenopplæring	Kontinuerleg

3.5 Grunnleggjande dugleikar

Tiltak	Frist
Byggje opp samlingar med læremiddel, konkretiseringsmateriell og idébankar for gode problemløysingsoppgåver på kvar skule	Kontinuerleg
Utarbeide kommunal leseplan for barnehagar, skular og vaksenopplæring	Vår 2010
Rullering av IKT-plan med tydelegare pedagogiske målsetjingar	Haust 2010

3.6 Elevvurdering

Tiltak	Frist
Vidareføra satsinga på eit heilskapleg system for elevvurdering i Bømloskulen	Kontinuerleg
Innarbeida forpliktande rutinar for samarbeid med heimen om elevane si læring	Kontinuerleg
Vidareføra satsinga på arbeid med læringsstrategiar for elevane	Kontinuerleg

3.7 Andre prioriterte område

Tiltak	Frist
Vidareutvikla Den kulturelle skulesekken, slik at alle elevar i løpet av skuletida får ta del i arbeid og opplevingar innanfor eitt breitt spekter av kunst- og kulturtilbod	Kontinuerleg
Vidareutvikla Opplevingsdagane i Moster Amfi som regionalt tiltak innanfor Den Kulturelle Skulesekken	Årleg, september
Inngå forpliktande avtalar med næringsliv og vidaregåande skular om gjennomføringa av faget Utdanningsval	Vår og haust 2009
Utarbeida politisk sak om kommunalt ansvar vedr. vaknse sin rett til grunnskuleopplæring	Haust 2009
Stimulera skulane til auka deltaking i internasjonale program på alle aldersnivå	Kontinuerleg
Vidareutvikla anti-mobbeprogram i Bømloskulen, i tråd med "Manifest mot mobbing 2009-2010"	Kontinuerleg